



Forsand kommune
-Kommunen som vågar!

Budsjett 2014

Økonomiplan 2014 - 2017



Vedteke 18.12.13 k-sak 90/13

Innhald

	Godkjenning av budsjett og skattlegging	3
	Godkjenning av økonomiplan	11
	Rådmannen sine kommentarar	19
	Økonomisk oversyn	31
	Investeringar	37
	Mva-koder – kontoplan	44
	Driftsbudsjet	53

Budsjett 2014

Økonomiplan 2014 - 2017



Innhald

	Godkjenning av budsjett og skattlegging	3
	Godkjenning av økonomiplan	11
	Rådmannen sine kommentarar	19
	Økonomisk oversyn	31
	Investeringar	37
	Mva-koder – kontoplan	44
	Driftsbudsjet	53



Forsand kommune

Politisk

Seksjonane

Dato: 03.01.2014

Vår ref.: 13/417-26/K1-150//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2014

Kommunestyret behandla saka i møte den 18. desember 2013, og følgjande vedtak blei gjort:

1. Forsand kommunestyret godkjenner tilrådinga frå formannskapet til budsjett 2014.

Tiltak	2014	2015	2016	2017	
Introduksjonsplan for nye innbyggere	+70				
Ryfylkemuseum auke	+20	+20	+20	+20	
Auka stilling til fritidskontakt, +30%	+200	+200	+200	+200	
Døropnar heis kulturhus	+65				Disp. fond

Skriftlege merknader
Legge fram sak om felles reglement og pott for personalseminar/ velferdsmidlar før budsjett 2015
Legge fram sak om behov for utviding av barnehage og skule saman med plan for kommunal bustadmasse våren 2015
Aktiv marknadsføring av ledige kommunale bygg/areal og utvikling av pendlarkontor/kontorlandskap
Legge fram plan for vedlikehald av kommunale bygningar etter at sak om bygningsmasse er behandla
Legge fram sak om «heim for ein femtilapp»

Med følgjande tillegg:

Utbedring av gang og sykkelsti, saka blir sendt til Driftsutvalet for nærare utgreiing av løysning.

2. Skatt for 2014 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7% på formue.

3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
063/13	Formannskapet	12.11.2013
074/13	Formannskapet	26.11.2013
091/13	Kommunestyret	18.12.2013

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-150	Terje Nysted	13/417 - 20 13/8142

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.12.2013	Gang- og sykkelsti Kulturhus-Rettedal (L)(85083_1_P)	85109
09.12.2013	budsjett f-skap 261113	85118

Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2014, vert godkjent slik det ligg føre.
2. Skatt for 2014 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7% på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.

Behandling i Formannskapet 12.11.2013

Tore Hans Mikkelson sette på vegne av Sp.fram følgjande forslag:

Auka stillinga til fritidskontakt til 60 %

Inge Håvard Aarskog sette på vegne av Frp.fram følgjande forslag:

Kultur - stillinga på aktivitetssentert blir overført til Pleie- og omsorg seksjonen

Oppvekstkoordinator – vente til saka er behandla

Ryfylkemuseum – auke frå 20 000 til 40 000

Mål om at minste stillingsprosent for faste stillingar er 50 % innan 2017. Få sak på dette til kommunestyret seinast mai 2014

Teknisk

Ekstra vedlikehald bygg + 500.000,-

Ekstra asfaltering + 300 000,-

Margareth Gjose Larsen sette på vegne av Ap.fram følgjande forslag:

Ap. vil utvida stillinga som oppvekstkoordinator/fritidsklubbleiar med 30 % ved at 200 000,- blir tilført teneste 2310 – Aktivitetar barn og unge

Pleie og omsorg – 80 000,- til hagemøbler

Ap. me ber rådmannen setja i gang arbeidet med å planlegga utvidinga av skulen og kulturskulen, pga. at elevtalet aukar

Kåre Oaland sette på vegne av Høgre fram følgjande forslag:

Drift.

- Utbytte E. verk , - 3. mill. Selge tilsv. i fondsmidler .

-Aktivitetsenter? Flytte midla frå kultur til PLO, og øymerka dei der.

-Auke stilling for Oppvekstkoordinator med 30 %, til 60% stilling.

(200.000,-). Auka stilling skal fortrinnsvis brukast på aktivt arbeid blandt barn og unge, b.l.a. fritidsklubben.

- Vedlikehald veg og anlegg, er det forandring i beløp øymerkt til dette i driftsbudsjettet? (-3%?) var litt uklart i kommentaren !

- Velferdstur PLO. Positivt, men kvifor må PLO ha egen post for velferdstur/kurs, andre seksjonar reiser jo og på tur/kurs men ein kan ikkje sjå at det er nemt spesielt i budsjettforslag.!? Arbeidsgjevarpolitikk, det må være same praksis uavhengig av kva etat ein jobbar i. Kva er det me vil ha?

Ole Tom Guse sette på vegne av Krf. fram følgjande forslag:

Skriftlege bestillingar:

- *Legge fram sak om felles reglement og pott for personalseminar/velferdsmidlar. Innan budsjett 2015.*
- *Legge fram sak om behov for utviding av barnehage og skule saman med plan for kommunal bustadmasse. Våren 2015.*
- *Marknadsføre Bergekrossen næringsområde og utvikling av pendlarkontor/kontorlandskap.*

Driftsbudsjett

- *L13 Legebil, leasing*
- *Bil til sentraladm, leasing*
- *Introduksjonsplan for nye innbyggere 70 000*

Formannskapet vil realitetsbehandla godkjenning av budsjett 2014 i formannskapsmøte den 26. november

FS-063/13 Vedtak:

.....

Behandling i Formannskapet 26.11.2013

Felles budsjettforslag 2014

Driftsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	
	Introduksjonsplan for nye innbyggere	+70				
NY10	Dørøpnar heis kulturhus	+65				Disp. fond

	Skriftlege merknader
	Legge fram sak om felles reglement og pott for personalseminar/ velferdsmidlar før budsjett 2015
	Legge fram sak om behov for utviding av barnehage og skule saman med plan for kommunal bustadmasse våren 2015
	Aktiv marknadsføring av ledige kommunale bygg/areal og utvikling av pendlarkontor/kontorlandskap
	Legge fram plan for vedlikehald av kommunale bygningar etter at sak om bygningsmasse er behandla
	Legge fram sak om «heim for ein femtilapp»

Ap. sette fram følgjande endringsforslag:

Drifts	Tiltak	2014	2015	2016	2017
--------	--------	------	------	------	------

budsjett					
	Hagemøbler PLO	-80			
	Personalseminar	+200			

Høgre sette fram følgjande endringsforslag:

Driftsbudsjett	Tiltak	2014	2015	2016	2017
	Auka stilling til fritidskontakt, +30%	+200	+200	+200	+200

	Skriftlege merknader
	Utbytte E. verk , - 3. mill. Selge tilsv. i fondsmidler

Krf. sette fram følgjande endringsforslag:

Driftsbudsjett	Tiltak	2014	2015	2016	2017
	Ryfylkemuseum auke	+20	+20	+20	+20

Felles framlegga – samrøystes tilrådd.

Ved avrøysting røysta ein punktvis over innkomne framlegg.

Framlegg frå Ap. vedr. hagemøbler PLP – vart 1 røyst avgitt for framlegget frå Ap. 4 røysta for rådmannen si tilråding.

Framlegg frå Ap. vedr. personalseminar PLO – vart 1 røyst avgitt for framlegget frå Ap. – 4 røysta for rådmannen si tilråding.

Framlegg frå H. vedr. auka stilling fritidskontakt – røysta 4 for framlegget frå H. – 1 røyst for rådmannen si tilråding. (Krf)

Framlegg frå Krf vedr. auke Ryfylkemuseum – røysta 3 for framlegget frå Krf. – 2 røysta for rådmannen si tilråding (H)

Framlegget frå H vedr. Utbytte E.verk – røysta 2 for framlegget frå H. – 3 røysta for rådmannen si tilråding.

FS-074/13 Vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2014, vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endringar/tillegg.

Tiltak	2014	2015	2016	2017	
Introduksjonsplan for nye innbyggere	+70				
Ryfylkemuseum auke	+20	+20	+20	+20	
Auka stilling til fritidskontakt, +30%	+200	+200	+200	+200	
Døropnar heis kulturhus	+65				Disp. fond

Skriftlege merknader

Legge fram sak om felles reglement og pott for personalseminar/ velferdsmidlar før budsjett 2015
Legge fram sak om behov for utviding av barnehage og skule saman med plan for kommunal bustadmasse våren 2015
Aktiv marknadsføring av ledige kommunale bygg/areal og utvikling av pendlarkontor/kontorlandskap
Legge fram plan for vedlikehald av kommunale bygningar etter at sak om bygningsmasse er behandla
Legge fram sak om «heim for ein femtilapp»

2. Skatt for 2014 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentsats på inntekt og 0,7% på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.

Behandling i Kommunestyret 18.12.2013

Reidar Thu sette på vegne av Høgre fram følgjande framlegg:

	Skriftlege merknader
	Utbytte E. verk , - 3. mill. Selge tilsv. i fondsmidler

Jon Fløysvik sette på vegne av Krf fram følgjande framlegg.

Utbedring av gang og sykkelsti, saka blir sendt til Driftsutvalet for nærare utgreiing av løysning.

Framlegget frå Høgre vedr. utbytte E.verk – røysta 5 for framlegget (H)

Framlegget frå Krf- vedr. gang- og sykkelsti – samrøystes vedteke

Tilrådinga frå formannskapet til punkt 1,2 og 3 samrøystes vedteke.

KS-091/13 Vedtak:

1. Forsand kommunestyret godkjenner tilrådinga frå formannskapet til budsjett 2014.

Tiltak	2014	2015	2016	2017	
Introduksjonsplan for nye innbyggere	+70				
Ryfylkemuseum auke	+20	+20	+20	+20	
Auka stilling til fritidskontakt, +30%	+200	+200	+200	+200	
Dørøpnar heis kulturhus	+65				Disp. fond

Skriftlege merknader
Legge fram sak om felles reglement og pott for personalseminar/ velferdsmidlar før budsjett 2015
Legge fram sak om behov for utviding av barnehage og skule saman med plan for kommunal bustadmasse våren 2015
Aktiv marknadsføring av ledige kommunale bygg/areal og utvikling av pendlarkontor/kontorlandskap

Legge fram plan for vedlikehald av kommunale bygningar etter at sak om bygningsmasse er behandla
--

Legge fram sak om «heim for ein femtilapp»
--

Med følgjande tillegg:

Utbedring av gang og sykkelsti, saka blir sendt til Driftsutvalet for nærare utgreiing av løysning.

2. Skatt for 2014 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentsats på inntekt og 0,7% på formue.

3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.



Seksjonane

Dato: 03.01.2014

Vår ref.: 13/417-25/K1-150//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Godkjenning av økonomiplan 2014 - 2017

Kommunestyret behandla saka i møte den 18. desember 2013, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret godkjenner tilrådinga frå formannskapet til økonomiplan 2014 – 2017, med følgjande **endring/tillegg**:

Investeringsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
ØSU	Øyren sentrumsutvikling	-500	+500			Kraftfond
TJU	Tørejuvet	-350	+350			Kraftfond
LNG	Legesenteret, nytt golvbelegg	-120				MVA
HP	Barneavlastning/servicebustad	-10000	+16000			Kapitalfond
SSB	Smartboard	+200	-200			MVA
L13	Legebil		-300			MVA
NY1	Turstiar og friluftsliv	+500	+500			Disp. fond
NY3	Ballbinge Meling		+650			Disp. fond
S14	Sykkelskur	+100	-100			MVA
KYR	Kyrkja ombygging (dugnad 2.813)		+0			
BRB	Brannbil brannvesenet		+600			Disp. fond
STI	Sti Bergekleiva – Bergevik	-500	+500			Kraftfon
BUK	Barnehagen utbetring kjøkken	-200				MVA
NY4	Ladestasjon for elbil				+150	Disp. fond
	Grøft Bergebakkane - Ryggjaskaret	+480				Disp.fond
GRI	Gatelys ridebanen	+120		-120		MVA

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
064/13	Formannskapet	12.11.2013
075/13	Formannskapet	26.11.2013
090/13	Kommunestyret	18.12.2013

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-150	Terje Nysted	13/417 - 21 13/8143

Godkjenning av økonomiplan 2014 - 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2014 – 2017 slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 12.11.2013

Tore Hans Mikkelsen sette på vegne av Sp.fram følgjande forslag:

Turstiar – midler

Varmekablar ballbinge Øvre Espedal 200 000,- 2015 – ber rådmannen sjekka kva dette innber av faste kostnader i året til straum og vedlikehald.

Inge Håvard Aarskog sette på vegne av Frp fram følgjande forslag.

KB2 oppgradering/rehab kommunale bygg Må framskyvast 2014/15 ? 3,5 mill delt på to år

NYE tiltak

S14 flyttast fram til 2014

Turstiar:

	2014	2015
<i>Sti bergebakkane- Skulen</i>	50 000	
<i>Åsen sti sum</i>	30 000 + 30 000	
<i>Bergekleiva grusa sti - toskaberget</i>	100 000	
<i>Sti lensmannshuset og over Ryggen</i>	10 000	

<i>Parallele stiar bak brannstasjonen</i>	50 000	
<i>Lysløype</i>		400 000
<i>Mælshammaren til fjordspennet</i>	25 000	
<i>Toalett Erevik</i>	130 000	
<i>Tillegg generell til komite disp.</i>	200 000	
<i>SUM</i>	625 000	

Kjelleberg-bergevik 500`- må kanskje aukast

KYR - Kyrkja tilbygg

Utsettes til fleire alternativ med funksjonalitet, utforming og med prisar er på plass.

Melshammaren: oppgradering/nye leikeapparat 100 000 i 2014

Nytt frå optimismeprojektet

Taubane over Lysefjorden til Preikestolen: forstudie kr 300 000

Friluftrelaterte forslag frå optimismeprojektet blir tatt med vidare i komiteen for friluftssaker

Starthjelp for nye innbyggjarar- startpakke og introduksjon kr ??

Utvikle Øvre Espedalområdet som regional kultur og friluftspark

Stølen, Røssdalen, ATV-veg, snøscooterløype, kjærlighetssti til Frafford (gjenopne), Vindalen vinteridrett, Røssdalen løer, Einarsknuten, klatring, bading, vannsport, kulturløype, skulptur, spesiell (unik) nattbelysning av turstiar, framheve den unike floraen mm.

Forstudie kr 100 000

Margareth Gjose Larsen sette på vegne av Ap. fram følgjande forslag:

Kultur

120 000 til toalett Ereviksvatnet 2014 – 100 000 til opparbeiding av turstiar 2014 – 17 - (520 000)

OSU kan det utsettast til 2015 med 500 – kraftfondet

KYR – me er enige med rådmannen om å bevilga 4. mill. nå er prisen 6,5 mill + moms, Dette er jo berre delfinansiert, ska ikkje me ha ei ny sak i kommunestyret om dette Kommunestyret har jo ikkje bevilga 8 125 mill

M01 – Veg, fortau, rasvoll (trafikksikring) Myra – tar ut fortau

L13 – legebil – betre dokumentasjon - går for lesing 50 000

Kåre Oaland sette på vegne av Høgre fram følgjande forslag:

Økoplan/Investering:

- Kjøkken barnehagen går ut/ Vedlikehold ! (Drift)!

- Klarer adm. å komma i gong med dei prosjekta som er foreslegne i 2014?

-Kyrkja, Ska me bare auka ramma, eller ska me be dei om å begrensa seg å sjå om det kan løysast på ein rimeligare måte? (me bør tenkja vedlikehold!) og om ikkje det er muligt med sambruk av lokaler.

- Sti Bergekleiva, 500.000,- utsettes til 15.

-Bil legen 300.000 (2015) Utgår,?Bør leases! Drift.

- Brannbil utgår !

- Lagerplass teknisk, bør utsetjast til plan for bruk av kommunal bygningsmasse er klar. (250.000,-) (2015 eller 2016 ?).

- Dørøpnar heis kulturhus 65.000,-

- "Heim for ein femtilapp".

-Aktiv markedsføring av ledige kommunale bygg/areal.

- Kommentar til "optimistlista": Mange gode forslag, nokre har me alt, men det er fritt fram for kven som vil å setja i gong !, så ska kommunen vurderer kvar ide for seg.

Ole Tom Guse sette på vegne av Krf.fram følgjande forslag:

Investeringsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
ØS U	Øyren sentrumsutvikling	-500	+500			Kraftfond
TJU	Tørejuvet	-350	+350			Kraftfond
GRI	Gatelys ridebanen	+120		-120		MVA
LNG	Legesenteret, nytt golvbelegg	-120	+120			MVA
HP	Barneavlastning/servicebustad	-10000	+1500 0			FOND
SSB	Smartboard	+200	-200			MVA
L13	Legebil		-300			MVA
NY1	Turstiar og friluftsliv	+500	+500			Disp. fond
NY2	Aktivitetspark i Ryggjaskaret (sandvolley, Agility, RC o.l.)	+150	+150			MVA

NY3	Ballbinge Meling	+500				Disp. fond
NY4	Ladestasjon for elbil				+150	Disp. fond
NY5	Skilting, lokal informasjon, webkamera m.m.	+300				Disp. fond

Formannskapet vil realitetsbehandla godkjenning av økonomiplan 2014 – 2017 i formannskapsmøte den 26. november.

FS-064/13 Vedtak:

.....

Behandling i Formannskapet 26.11.2013

Investeringsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
ØSU	Øyren sentrumsutvikling	-500	+500			Kraftfond
TJU	Tørejuvet	-350	+350			Kraftfond
LNG	Legesenteret, nytt golvbelegg	-120				MVA
HP	Barneavlastning/servicebustad	-10000	+1000 0			Kapitalfond
SSB	Smartboard	+200	-200			MVA
L13	Legebil		-300			MVA
NY1	Turstiar og friluftsliv	+500	+500			Disp. fond
NY3	Ballbinge Meling		+650			Disp. fond
S14	Sykkelskur	+100	-100			MVA

NYTT Tiltak Grøft Bergebakkane – kr. 480.000,- inkl.mva

Samrøystes vedtak.

Ap. sette fram følgjande framlegg:

KYR - Halvere beløpet som kommunen skal bidra med – nytt beløp kr. 1.313

Høgre sette fram følgjande framlegg:

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
BRB	Brannbil brannvesenet	-500				Disp. fond
STI	Sti Bergekleiva – Bergevik	-500	+500			Kraftfon
BUK	Barnehagen utbetring kjøkken	-200				MVA
KYR	Kyrkja ombygging		-4.125			

Framlegg frå Høgre

BRB Brannbil brannvesenet – 4 røysta for framlegget – 1 røysta for framlegget frå rådmannen (Ole Tom Guse, krf)

STI – Sti Bergekleiva – Bergevik – 4 røysta for framlegget – 1 røyst for framlegget frå rådmannen (Ole Tom Guse, Krf)

BUK – Barnehagen utbetring kjøkken – 3 røysta for framlegget (H.Sp) – 2 røysta for framlegget frå rådmannen

Framlegg frå Ap. og Høgre.

KYR – Kyrkja ombygging – ved subsidiaer avrøysting røysta 2 for framlegget frå Høgre, 3 røysta for framlegget frå Ap(Margareth Gjose Larsen, ap. Ingeborg L. Søyland, Ole Tom Guse, Krf) ingen røyster blei avgitt for framlegget frå rådmannen

Krf. sette fram følgjande framlegg:

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
NY2	Aktivitetspark i Ryggjaskaret (sandvolley, Agility, RC o.l.)	+150	+150			MVA
NY4	Ladestasjon for elbil				+150	Disp. fond
NY5	Skilting, lokal informasjon, webkamera m.m.	+300				Disp. fond
GRI	Gatelys ridebanen	+120		-120		MVA

Framlegg frå KRF.

NY2- Aktivitetspark i Ryggjaskaret (sandvolley, Agility, RC o.l.)- 1 røyst vart avgitt for framlegget (Ole Tom Guse krf) – 4 røysta mot.

NY4- Ladestasjon for elbil – 3 røysta for framlegget (H.Krf), 2 røysta mot.

NY5- Skilting, lokal informasjon, webkamera m.m.- 1 røyst vert avgitt for framlegget, 4 røysta mot.

GRI- Gatelys ridebanen – 4 røyst for framlegget, 1 røysta mot (Ingeborg L. Søyland)

FS-075/13 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2014 – 2017 slik den ligg føre, med følgjande tillegg/endingar:

Investeringsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
ØSU	Øyren sentrumsutvikling	-500	+500			Kraftfond
TJU	Tørejuvet	-350	+350			Kraftfond
LNG	Legesenteret, nytt golvbelegg	-120				MVA
HP	Barneavlastning/servicebustad	-10000	+1000 0			Kapitalfond
SSB	Smartboard	+200	-200			MVA
L13	Legebil		-300			MVA
NY1	Turstiar og friluftsliv	+500	+500			Disp. fond
NY3	Ballbinge Meling		+650			Disp. fond
S14	Sykkelskur	+100	-100			MVA
KYR	Kyrkja ombygging (dugnad 2.813)		+0			
BRB	Brannbil brannvesenet	-500				Disp. fond
STI	Sti Bergekleiva – Bergevik	-500	+500			Kraftfon
BUK	Barnehagen utbetring kjøkken	-200				MVA
NY4	Ladestasjon for elbil				+150	Disp. fond

	Grøft Bergebakkane - Ryggjaskaret	+480				Disp.fond
--	-----------------------------------	------	--	--	--	-----------

Behandling i Kommunestyret 18.12.2013

Følgjande punkt manglar i formannskapet si tilråding.

GRI	Gatelys ridebanen	+120		-120		MVA
------------	-------------------	------	--	------	--	-----

Jon Fløysvik sette på vegne av Krf. følgjande framlegg.

BRB brannbil, 600000 i 2015, disp fond

Kåre Oaland sette på vegne av Høgre fram følgjande framlegg

KYR	Kyrkja ombygging		-4.125			
------------	------------------	--	--------	--	--	--

Ordførar sette fram følgjande framlegg:

Barneavlastning/servicebustad + 16 mill i 2015 - kapitalfond

Framlegget frå Krf. vedr. brannbil – røysta 12 for framlegget, 5 røysta for tilrådinga frå formannskapet. (H)

Framlegget frå Høgre – vedr. kyrkja – røysta 6 for framlegget (H. Thore Håland, u.pol) 11 røysta for tilrådinga frå formannskapet.

Framlegget frå Krf. vedr. avlastningsbustad – røysta 13 for framlegget, 4 røysta for tilrådinga frå formannskapet (Reidar Thu, H. Hilde Levik, H. Arne Maudal,H. Kåre Oaland, H.)

KS-090/13 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner tilrådinga frå formannskapet til økonomiplan 2014 – 2017, med følgjande **endring/tillegg**:

Investeringsbudsjett

	Tiltak	2014	2015	2016	2017	Finans
ØSU	Øyren sentrumsutvikling	-500	+500			Kraftfond
TJU	Tørejuvet	-350	+350			Kraftfond
LNG	Legesenteret, nytt golvbelegg	-120				MVA
HP	Barneavlastning/servicebustad	-10000	+16000			Kapitalfond
SSB	Smartboard	+200	-200			MVA
L13	Legebil		-300			MVA
NY1	Turstiar og friluftsliv	+500	+500			Disp. fond
NY3	Ballbinge Meling		+650			Disp. fond
S14	Sykkelskur	+100	-100			MVA
KYR	Kyrkja ombygging (dugnad 2.813)		+0			

BRB	Brannbil brannvesenet		+600			Disp. fond
STI	Sti Bergekleiva – Bergevik	-500	+500			Kraftfon
BUK	Barnehagen utbetring kjøkken	-200				MVA
NY4	Ladestasjon for elbil				+150	Disp. fond
	Grøft Bergebakkane - Ryggjaskaret	+480				Disp.fond
GRI	Gatelys ridebanen	+120		-120		MVA



Forsand kommune

Rådmannen

Saksbeh
Terje Nysted

Ref.
13/417-14

Arkivkode
/K1-150

Dato:
17.09.2013

Kommentarar Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014-2017

Kommentarar

1. Generelt

Med di ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2014.

Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging.

Budsjettet bygger elles på innhenta framlegg frå dei ymse sektorar, råd og styrer, samt tidl. økonomiplan for 2013-2016.

Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

KOSTRA

Frå statleg hald er det frå 010101 lagt opp til eit nytt budsjettoppsett som er kalla KOSTRA. KOSTRA betyr: **K**Ommune **S**Tat **R**Appoteringssystem.

Bakgrunnen for innføring av dette systemet, er følgjande:

- betre informasjonsflytten mellom kommune – stat
- få samanlikningstal for dei einskilde kommunane
- betre oversyn over kommunen sine tenesteytingar og ressursbruk

2. Vedtak om skattelegging og budsjett.

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at skattdirektoratet har sett fristen for kommunestyret til å gjera vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2014 til 20.12.13.

3. Føresetnad for reell budsjettering

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle pårekna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil makte å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.

Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.

Dei kommunale seksjonane, utval og råd, deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

4. Økonomisk opplegg frå regjeringa

Vekst i samla inntekter.

I kommuneproposisjonen for 2014, legg regjeringa opp til realvekst i kommunesektorens samla inntekter på mellom 6 og 6,5 milliardar kroner.

Realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i 2014 er berekna til mellom 5 og 5,5 milliardar .

Inntektssystemet

Rammetilskotet vert fordelt til kommunane gjennom inntektssystemet.

Det er kun små endringar i kriteria for rammetilskotet for 2014.

5. Kommunen sin økonomi

Kommunen har fortsatt ein brukbar totaløkonomi, men har blitt svekka dei siste åra. Dette skuldast at utgiftene, med relativ gode lønsoppgjjer, vedlikehald av kommunale eigedomar og fleire tunge brukarar innan helse- og skulevesenet, har auka vesentleg medan skatteinntektene har ikkje hatt same utvikling.

Faktisk viser prognoser for 2014 at skatt på inntekt og formue kun auker med 8,5% (3,5 mill.kr) frå 2010 til budsjettåret 2014, medan driftsutgiftene har auka med 22% i same periode. I tillegg har eigedomsskatten på eksisterande kraftverk til dels stagnert på grunn av eit stortingsvedtak som seiar at når ein har kome til eit skattemessig tak, har kommunane ikkje anledning å ta ut meir eigedomsskatt

frå objektet. Dette betyr at staten og eigarane av kraftverket får del i denne meirauken som kommunane skulle hatt. LVK arbeidar med saka og vil prøva å få endra dette stortingsvedtaket.

Kommunen har relativ høg lånegjeld i dag og planlegg fleire store investeringsprosjekt som skal lånefinansierast. Ei forventet auke i renteutgiftene vil føre til at den kommunale handlefridom vil bli vesentleg svekka. Rådmannen vil rå til at ein følgjer renteutviklinga nøye og vere budd på å nedbetale låna om det vert vesentleg auke i renta.

Nettodriftsbudsjetttrammene bygg på tidlegare vedteken økonomiplan 2013-2016 og er justert for løns- og prisauke på h.h.v. 4,5% og 1%.

For å oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda, er det nødvendig med ekstraordinære inntekter. I dag hentar kommunen ut 3. mill.kr. frå Forsand Elverk. Rådmannen har i budsjettframlegget for 2014, ikkje rådd til at kommunen stiller krav om ytterlegare utbytte no.

Eit eventuelt utbytte blir utbetalt i slutten av 2014.

Utbygging av ny kraftstasjon i Lysebotn, samt nye linjelegg, vil kunne gje meirinntekt i form av skattar. Det er viktig at kommunen krev inn eigedomsskatt allereie når utbygginga starter i Lysebotn (jmf. §8 i eigedomsskattelova).

Det framlagde driftsbudsjett er gjort opp med eit bruttodriftsresultat på kr 3.528.000,- i 2014.

Bruttodriftsresultatet kjem fram etter at skattar, rammetilskot (inkl. momsref.) og andre inntektsposter er inntektsført med kr 170.983.000,- og driftsutgiftene er utgiftsført med kr. 167.455.000,-.

Renter/avkastningar, avdrag, utbytte frå Elverket og avskrivningar er ikkje medtekne her.

Nettodriftsresultatet er i 2014 berekna til kr. 4.672.000,- eller 2,7 % i høve til driftsinntektene. Fylkesmannen har som mål 3% for kommunesektoren. Altså ligg ein nær opp til Fylkesmannen sitt mål.

Slik det ser ut i dag, vil kommunen i 2014 komme noko betre ut enn for 2013 når det gjeld frie inntekter. Ein får ein auke på ca. 3,8% i høve 2013-budsjettet når det gjeld skatt og rammetilskot (eigedomsskatt er ikkje med i desse tala). For 2014 er skatt på formue og inntekt, berekna til 45.4 mill.kr.(43.1 mill.kr. i 2013-budsjettet). Ein presiserar at desse prognosane er usikre.

Rammetilskotet for 2014 er i sett til 42.5 mill.kr. og det er ein auke på omlag 0,9 mill.kr. frå 2013. Desse prognosane er og usikre i og med at endelege tal for rammetilskotet 2014 blir fordelt i februar 2015 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortløpande i 2014.

Eigedomsskatten er berekna for 2014-budsjettet til omlag 44,4 mill. kr. som er ein auke på 0,2 mill.kr. i høve 2013, altså ein marginal auke.

Rådmannen viser til tidlegare merknad om justering av tak for eigedomsskatt på verk og bruk.

Moms-kompensasjon er for 2014 berekna til ca. 9.3 mill. kr. Frå og med 2010 blei denne refusjonen overført med 20% til investeringsbudsjettet og vidare med ytterlegare 20% dei resterande åra til heile momskompensasjonen er ført på investeringsbudsjettet. Desse midlane gjekk som inntekt til driftsbudsjettet, men skal no førast i investeringsbudsjettet.

Kommunale tenester/avgifter som ikkje er regulert på annan måte, er auka med 3,5%. Jmfr. særskilt vedtak om justering av avgiftene.

Kommunen sin lånegjeld

Renter og avdrag på løpande lån utgjer i 2014 h.h.v. kr. 3.692.000,- og kr. 4.085.000 -, til saman kr. 7.777.000,-. I desse beløp ligg kapitalkostnader til næringsbygg/infrastruktur som skal dekkast av kraftfondet, jfr. tidl. vedtak i kommunestyret.

Av nye lån som er planlagt tatt opp i perioden 2014-17 er omsorgs- og avlastningsbustader, plan for avløp, ombygging kyrkja, trafikksikring skulen, ombygging helse-/fysioterapeutkontor, oppgradering kommunale bygg tilsaman 50. mill.kr.

I tillegg kan det være aktuelt å ta opp eit startlån (formidlingslån) frå husbanken.

Pr 31.12.13 vil lånegjelda utgjere om lag 108. mill.kr. (inkl. startlån på om lag 20. mill. kr).

Renteinntekter, avkastning og eigarutbytte (El-verket) er berekna til kr. 8.921.000,- i 2014.

6. Nybygg og anlegg.

Totalt er det rekna med ei investeringsramme på kr. 39.936.000,- i 2014. I økonomiplanperioden 2014-17, er det rekna å investera kr. 87.754.000,-.

Investeringane i 2014 er vist på eige investeringsbudsjett (økonomiplanen) og er tenkt finansiert slik:

Lån	27.500.000,-
MVA	3.216.000,-
Statleg tilskot	(5.600.000,-)
Kraftfond	1.850.000,-
Kapitalfond	3.000.000,-
<u>Disposisjonsfond/ub.fond</u>	<u>4.370.000,-</u>
,-	
<u>Samla investering</u>	<u>39.936.000,-</u>

7. Driftsbudsjettet

I sitt budsjetrundskriv av juni d.å. og usikkerheiten på inntektssida, ba Rådmannen seksjonane redusere sine justerte (pris- og lønsauke) budsjetttrammer med 3% for 2014.

Formannskapet, med tillegg til repr. frå Frp og Leiarforum hadde eit sammøte om budsjettet for 2014 i møte den 10.09.2013, der politikarane blei presentert budsjettarbeidet til då.

Ein vil i det vidare gå igjennom dei største endringar/justeringar i driftsbudsjettet og tiltak som krev særskilt vedtak.

Seksjonsleiarane har i hovudsak halde seg innanfor dei nettodriftsrammar som vart gitt.

Rådmannen viser elles til seksjonsleiarane sine budsjettkommentarar i eige vedlegg, der det er kommentert ynskja tiltak som ikkje er tatt med i budsjettframlegget frå rådmannen.

A. Forsand Sokneråd

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja, skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegarder, kyrkjekontor. For 2014 er tilskotet på 2.422.400,-.

B. Revisjon/kontroll

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet, er det ført opp eit samla budsjett på kr. 684.000,- inkl. m.v.a. for kontroll og tilsyn i 2014.

C. Rådmannskontoret

Ordførargodtgjersla er ført opp tilsvarande heil stilling og vert løna i samsvar med 85% av stortingsrepresentantane si løn. Jmfr. k.sak. nr.46/11.

Det var ein forvaltningsrevisjon om anskaffelser og anbod i 2012/13 kommunen. Konklusjonen frå kontrollutvalet var m.a. at det må tilførast meir ressursar innan innkjøp. Styrking og betre samordning av innkjøpsfunksjonen vil kunne gi økonomisk gevinst for kommunen. I dag fungerer innkjøpsfunksjonen som eit tilnærma venstrehandsarbeid i og med at funksjonen ligg til ei stilling i servicekontoret. Denne ordninga medfører vanskelege arbeidstilhøve i og med at innkjøpsansvarleg må ha kontakt med seksjonane og fleire eksterne møter utanfor kommunen.

I utgangspunktet var det i budsjettet for 2014 lagt opp til auka stillingsressurs på 20%. I samband med at ei stilling vert ledig på Teknisk seksjon, fant ein å kunne omdisponere ressursar utan å auka stillingsrammen i kommunen. Dette betyr at ein legg innkjøpsfunksjonen til denne stillinga, i tillegg til desse funksjonane; IT-kontakt, føring av prosjektrekneskap (skyggerekneskap) m.v. Det betyr vidare at den som innehar funksjonane innkjøp og IT-kontakt, vert flytta frå servicekontoret til denne stillinga, samt at ein flytter nokon av dei tidlegare funksjonane stillinga hadde på teknisk seksjon til stillinga på servicekontoret. Ein lyser så ut ledig stilling på servicekontoret, ved evt. internt opprykk, lyser ein ut vikariat.

Avtalen med Netpower om drift av IT, går ut i 2014. Det er mulig å forlenga denne i eit eller to år. I utgangspunktet legg ein opp til at avtalen blir lyst ut på anbod i løpet av 2013/14. Eit alternativ er å vurdere eit samarbeid om IT-løysing/drift med Ryfylkekommunane. Dette kjem ein attende til i løpet av hausten 2013.

2014 er 200-årsjubileet for den norske grunnlov og i dette høvet er det ført opp midlar til feiring av av jubileet.

C. Seksjon for Kultur

Det vert ikkje lagt opp til nye tiltak innanfor kulturbudsjettet i 2014.

Seksjonsleiar har bedt om meir ressursar for å auka stillinga som fritidskontakt for barn og unge. Rådmannen har ikkje funnet midlar til ei slik auke.

Kulturleiar har elles i sine kommentarar peikt på ein del andre aktuelle tiltak innan kulturseksjonen som det ikkje pr. i dag finns midlar til. Jmfr. vedlagte kommentarar.

E. Seksjon for Helse- og sosial

Det er tatt administrativt initiativ til å sjå på gjeldande legevaktavtale mellom Forsand og Strand kommuner. I dette høvet har og rådmannen i Hjelmeland kommune bedt om at ein vurderer å ta med Hjelmeland i framtidig vaksamarbeid.

Seksjonen har redusert utgiftene til legevaktsamarbeidet med kr. 600.000,- i påvente av ny avtale. Rådmannen finn ikkje å kunne redusere utgiftene før det ligg føre ein ny avtale og har difor lagt inn igjen midlane i budsjettet.

Frå legen er det vist til at det er planar for ombygging /tilrettelegging av nytt nødmeldesystem i alle kommunar for 2014. Førebelse planar er at ombygging blir på Jonsokberget, Strand kommune og er kostnadsrekna til om lag kr. 600.000,-. Det er ikkje avtale om kostnadsfordeling mellom kommunane og ein reknar med å komme med ei sak om dette i løpet av 2014 og at evt. kostnad for Forsand kommune vert løyvd ekstraordinært då.

Kommunestyret vedtok i møte 19.06.2013 – kjøp av ekstra plass for ungdom ved Avanti-Ryfylke. Vidare vart det i kommunestyremøte 25.09.13 løyvd midlar til eit omsorgstilbod for ungdom. Begge desse tiltak vil få konsekvensar for framtidige budsjett og er innarbeidd i økonomiplanen 2014-17.

Rådmannen har lagt inn 10% auke i stillingsressursen for leiar av avlastningsbustadane. Denne stillinga er kombinert med leiarfunksjonen for ATO (skulebudsjettet) og saman med ein føreslått 10% auke i ATO, vil leiarfunksjonen for Avlastningsbustadane/ATO bli 80%.

Jmfr. Særskil sak.

Det vert vidare vist til usikkerheit når det gjeld utgifter til barnevern. Det er vanskeleg å budsjettere eksakte beløp til slike tiltak og seksjonen har ikkje lagt opp til nye tiltak.

Rådmannen viser elles til budsjettkommentarane frå Leiar av Helse og sosialseksjonen.

F. Seksjon for Barnehage

Barnehagen hadde i sitt budsjettframlegg redusert bruk av vikarar med kr. 100.000,-, samt redusert diverse utgifter og kjøp av andre med tilsaman kr. 60.000,- .

G. Seksjon for Skule

I sine budsjettkommentarar, viser leiar for skuleseksjonen ynskja tillegg utover den tildelte budsjetttrammen at ein auker leiarressursen for ATO med 10%. Rådmannen har lagt inn denne auken i budsjettframlegget for 2014. jmfr. Særskild sak.

H. Seksjon for Pleie- og omsorg

Leiar for PLO har i sitt budsjettframlegg for 2014 ikkje lagt opp til nye stillingar. Det er ynskja, nye møblar i stova i bukollektivet og hagemøbler. Vidare har leiar bedt om utviding av sin ramme med kr. 200.000,- i samband med personalseminar for dei tilsette. Rådmannen har lagt inn kr.80.000,- til innkjøp av nye møblar for 2014. Vidare har rådmannen lagt inn kr. 200.000,- til personalseminar i 2015 under føresetnad av at desse midlane og dekker bruk av vikarar i samband med seminaret.

Viser elles til seksjonsleiar sine budsjettkommentarar m.a. om samhandlingsreforma.

I. Seksjon for drift

Teknisk leiar viser til at framlagde budsjett for 2014 er stramt over heile linja, samstundes som seksjonen opprettheld tilnærma 2013-nivå på vedlikehald av bygg og anlegg.

Teknisk leiar orienterte tidlegare at han ynskja å gå tilbake til stillinga på rådmannskontoret. Dette blei imidlertid trekt attende, slik at det ikkje vart aktuelt å lyse ut stilling som ny teknisk leiar.

Jmfr. kommentarar frå teknisk leiar.

8. Investeringsbudsjettet

Det er gjort framlegg om å investera for kr. 39.936.000,- i 2014 og kr. 82.754.000,- samla i perioden fram til 2017. Rådmannen viser elles til kommentarar og aktuelle nye prosjekt som er ynskja av seksjonane, men ikkje er tatt med i budsjettframlegget.

Nedanfor viser ein kva tiltak som er tatt med i budsjett /økonomiplan 2014-2017:

- Berbare datamaskiner til elevar i ungdomsskulen er vidareført i planperioden.
- Naudstrømsanlegg var planlagt å få på plass i 2013, men eit samarbeid med Forsand Elverk, har forsinka etableringa. Midlane er difor overført til 2014.
- Det er ført opp midlar til tiltak i Lysebotn for heile økonomiplanperioden. Ein del av desse midlane skal gå til opprusting og vedlikehald av kapellet, jmfr. tidl. kommunestyrevedtak. Då ein del av midlane er øyremerka vedlikehald (driftsmidlar) blir beløpet rekneskapsmessig overført driftsbudsjettet, men framleis dekka av fondsmidlar.
- I budsjettet for 2013, var det ført opp midlar til gateadresser/skilting. Kommunestyret har no vedtatt namn på vegar. Ferdiggjering av skilting m.v. blir imidlertid ikkje gjort før 2014, slik at midlane som var avsett i 2013, blir overført til 2014.
- Det var avsett midlar til naudsynt utbetring av avlaup i Myra industriområde i 2013. Dette har ikkje blitt utført 2013 p.g.a. forsinka planarbeid. Midlane er overført til 2014.
- Det var avsett midlar til naudsynte nye tiltak på Kulturhuset, t.d. brannsikring i 2013. Arbeidet er sett i gang, men blir ikkje ferdig i 2013 slik at midlar er overført til 2014.
- Det var i.h.t. økonomiplanen ført opp midlar til reinseanlegg på Øyren i 2013. Ved utbygging av planlagd bustadfelt i Bergevika, hotell og leiligheiter i Forsand sentrum, vil kapasiteten bli for liten. Dette må sjåast i samanheng med hovudplan for avlaup i kommunen. Det vert ikkje aktuelt å starte utbygging av reinseanlegget i 2013, slik at midlane blir overført til 2014.
- Det er i samsvar med økonomiplanen ført opp midlar til oppdatering av Geodata i 2014-15. Samt vidareført midlar for 2016-17.
- For 2014 var det i økonomiplanen ført opp midlar til nytt låssystem i kommunehuset. Dette blei utført 2013 i samband med plan om universell utforming.
- I 2014 er det i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til sentrumsutvikling på Øyren.

- Planarbeidet for å gjere Tørejuvet meir tilgjengeleg tek lenger tid . Dette arbeidet er blitt utsett. Midlane frå 2013 er overført til 2014.
- I samsvar med økonomiplanen, er det ført opp midlar til sti Bergekleiva-Bergevik i 2014.
- Teknisk seksjon har behov for lagerplass til sand m.v. og det er i samsvar med økonomiplanen ført opp midlar til lagerbygg i 2014.
- Stengekranane i kommunale vasskummer, må utskiftast og det er avsett midlar i planperioden 2014-15.
- I 2015 var det i samsvar med økonomiplanen, avsett 3,5 mill.kr. i låneopptak i samband med oppgradering/vedlikehald kommunale bygg. Dette er forskjøvet til 2017.
- Det er i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til gatelys til ridebanen i 2016.
- I økonomiplanen er det ført opp tilbygg til kyrkja i 2015 på 4. mill.kr. Forsand Kyrkjelyd har i sitt budsjettframlegg opplyst at prisen på kyrkjetilbygg ser ut til å kome på kr. 8.125.000,- inkl. m.v.a. Kyrkjelyden føreset at 1,5 mill.kr. vil finansierast av innsamling og dugnad. Dermed står ein att med kr. 6.625.000,- som må finansierast eksternt. Dette medfører ein auke på kr. 2.625.000,- for kommunen.
- Det er avsett 1,2 mill.kr. årleg til EDB-maskiner, programvare m.v i økonomiplanperioden.
- Det er i samsvar med økonomiplanen, avsett midlar til hovudplan for avløp, med ein ny fordeling av midlane i perioden.
- I samband med trafikksikringstiltak i Myra Industriområde er det avsett midlar i 2015-16.
- Det var ført opp midlar i 2013 til trafikksikring i innkjøringa ved Forsand skule. Planarbeid og godkjenning medfører utsetjing til 2014.
- I samsvar med kommunestyret sitt vedtak om kunstgrasbane i tilknytning til Forsand skule, var det ført opp tilskotsmidlar og kjøp av grunn i 2013. Frigjeving av areal og søknad om tippemidlar vil ta tid og det er avsett midlar i 2015. Skulle spørsmål om areal bli løyst tidlegare, føreset Rådmannen at saka kan framskyndast.
- Det var ført opp midlar til permanent straumforsyning ved kaien i Myra Industriområde i 2016, men ein gunstig avtale med Firma Bjørn Hansen har medført at dette vart løyst utan meirkostnad for kommunen i 2013.
- Det er i samsvar med økonomiplanen ført opp midlar til nytt gulvbelegg på legesenteret i 2014.
- Midlar til energimerking av kommunale bygg, digitalisering av teikningar, tekniske romnr. Forstudie SD-anlegg er i samsvar med økonomiplanen ført opp for åra 2015-16.
- Det er i samsvar med økonomiplanen avsett midlar til å skifte ut lysarmaturar og varmeovner i kommunehuset i 2015.
- Det er sett av 20. mill.kr. til avlastningsbustad for barn/servicebustad i 2014. 15. mill.kr er lån og 5. mill.kr. er forventta tilskot frå staten.

- Det er i samsvar med økonomiplanen avsett midlar til ombygging og oppgradering av utstyr i Mulen, på Kulturhuset og utskifting av membrandum i utjammingsbasseng.
- Vidare er det avsett midlar til utskifting av vinduer på Forsand skule i 2014-15. Dette er i samsvar med økonomiplanen.
- I samband med utbygging av bustadfeltet i Bergebakkane, var det ført opp midlar til busslomme langs fylkesvegen i 2013. Jmfr. tidl. kommunestyrevedtak – sak 20/12. På grunn av planarbeid m.m. vil ikkje dette arbeidet bli utført før tidlegast 2014. Midlane er soleis overført til 2014.
- I samsvar med økonomiplanen er det ført opp midlar til ny brannbil i 2014.
- *Prosjekta som no fylgjer er nye tiltak som er ført opp i økonomiplanperioden:*
- På investeringsbudsjettet for skulen, er det ført opp midlar til smartboard (tavler) og sykkelskur i 2015.
- Etter pålegg frå Mattilsynet, må kjøkken i barnehagen utbetrast og det er ført opp midlar for 2014.
- For legekantoret er det ført opp midlar til ultralydapparat. I dag er det eit privat opplegg som ein lege brukar. Dette er eit godt tiltak for innbyggjarane i Forsand. Kommunen får eigenandelen frå brukarane. Ein finn likevel det mest ryddig at kommunen har hand om dette og kjøpe inn eit ultralydapparat som kommunen eig og nyttar i det ordinære legetilbodet. Midlar til ultralydapparat er sett opp i 2014.
- Frå legehald har det vore eit ynskje at kommunen har ein eigen legebil. Det er ført opp midlar i 2015.
- Teknisk seksjon har gjort framlegg om å legge nye fliser gang 1. og 2. etasje i kommunehuset. Rådmannen har ført opp midlar i 2014.
- Det er frå Pleie- og omsorgsseksjonen, gjort framlegg om midlar til effektbrytar, oppgradering naudstraum, sikring av tele/dataopplegg og nytt gulvbelegg på kjøkkenet på Forsandheimen. Det er avsett midlar til effektbrytar, naudstraum i 2014 og sikring av tele/data og gulvbelegg på kjøkkenet i 2015.
- Frå Helse- og sosialseksjonen, var det ført opp midlar til ombygging for helsesenter, legekantore og fysioterapi i 2014. Rådmannen har ført opp midlar i 2015.
- Biblioteket hadde ført opp midlar til aircondition i 2014. Rådmannen har ikkje tatt med tiltaket i økonomiplanen.

9. Målstyring

I budsjettkommentarane for 2013, føresette ein at skulle legge meir vekt på målstyring i dei komande budsjetta. Dette var eit tema leiarane skulle lære meir om i samband med leiaropplæringskurs ein skal gjennomføre i 2013. Av ymse årsakar har kurset blitt forsinka og blir sett i gang i løpet av november 2013. Dette betyr at ein må komme tilbake til temaet målstyring i budsjettet for 2015.

Døme på målstyring kan vere:

- mål om 3% nettodriftsresultat i rekneskapen
- %-vis utvikling av folketalet.
- sakshandsamingstid
- sjukefråvære
- etablering av ny bustadar
- utlån av bøker på biblioteket
- reduksjon av mobbing skulen
- resultat nasjonale prøver
- brukarundersøkingar
- antal behandla pasientar ved legekantoret m.m.

Nokon av punkta har ein allereie i dag som mål, t.d. sjukefråvære på 5%, folketalesvekst på 1% årleg.

Barnehagen har vurdert ein del punkt som kan vere aktuelle for dei, t.d. rekruttering av menn i barnehagen.

Skuleseksjonen har m.a. peikt på reduksjon av mobbing og betring av resultat på nasjonale prøvar vil vere aktuelle mål for skulen.

Som nemnt, bør målstyring vere eit prioritert område i dei framtidige budsjett og årsmeldingar.

10. Forvaltning av midlar

Kommunen sine midlar i pengemarknaden, utgjer i dag om lag 100. mill. kr i marknadsværdi. Også 2013 har vort eit turbulent år innan finansmarknaden.

Det har ikkje vore aktuelt å realisera midlane med tap då kommunen har ein langsiktig strategi for pengeplassering. Ein følgjer marknaden nøye og det kan vere aktuelt å realisere midlar om rentene vort auka og nytte desse til investering. I dag sitt ein att med større utbytte/verdi auka enn ein ville hatt ved ordinær renteplassering.

I løpet av 2013 har ein nytta kassakreditt i større grad enn tidlegare. Det er alltid ei vurdering om ein skal nytte avsett kapital i finansmarknaden i staden for å tære på kassakreditten.

11. Skattar og avsetningar m.m.

Det er budsjettert med kr.45.414.000,- i skatt på formue og inntekt for 2014. Dette er ein auke på om lag 1,3 mill. kr. i høve budsjettet for 2013. Etter Rådmannen sin vurdering er desse prognosane svært usikre og ein må nøye vurdere skatteinntektene gjennom budsjettåret 2014.

Eigedomsskatten er sett til 44,4. mill.kr. i 2014. Dette er om lag 0,2 mill. kr. meir enn i 2013. Rådmannen viser her til tidlegare merknad om eigedomsskatten.

Konsesjonsavgifta på om lag 9. mill.kr. årleg, blir avsett til kraftfondet.

12. Budsjett og skattelegging for 2014

Med bakgrunn i kommentarane og budsjettframlegget rår rådmannen formannskapet gjera slik

TILRÅDING TIL VEDTAK:

- 1. Forsand kommune sitt budsjett for 2014, vert godkjent slik det ligg føre.
- 2. Skatt for 2014 vert å skrive ut med høgaste tillete proresentsats på inntekt og 0,7% på formue.
- 3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.

Forsand rådmannskontor, 30. oktober 2013

Terje Nysted
-rådmann-

Økonomisk oversikt

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT 2014

Kommunestyret 181213

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	5 232	4 545	4 499
Andre salgs- og leieinntekter	6 866	6 622	7 068
Overføringer med krav til motytelse	17 170	16 482	15 400
Rammetilskudd	36 934	41 551	42 475
Andre statlige overføringer	2 423	2 194	2 111
Andre overføringer	1 116	200	250
Skatt på inntekt og formue	43 376	43 119	45 414
Eiendomsskatt	40 273	44 134	44 388
Andre direkte og indirekte skatter	9 378	9 100	9 378
Sum driftsinntekter	162 768	167 947	170 983
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	86 911	88 404	92 135
Sosiale utgifter	22 261	27 646	29 310
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 427	28 885	27 746
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	15 652	16 888	14 084
Overføringer	14 514	8 707	9 029
Avskrivninger	9 704	-	-
Fordelte utgifter	-4 155	-4 541	-4 494
Sum driftsutgifter	172 313	165 989	167 810
Brutto driftsresultat	-9 545	1 958	3 173
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	5 495	7 900	7 750
	2 841	1 115	1 115
Mottatte avdrag på utlån	89	40	56
Sum eksterne finansinntekter	8 425	9 055	8 921
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	3 507	3 454	3 201
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 914	-	-
Avdrag på lån	4 364	4 135	3 783
Utlån	128	90	35
Sum eksterne finansutgifter	10 913	7 679	7 019
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-2 488	1 376	1 902
Motpost avskrivninger	9 704	-	-
Netto driftsresultat	-2 330	3 334	5 075
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	1 707	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	2 481	100
Bruk av bundne fond	6 839	1 655	500
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-
Sum bruk av avsetninger	11 827	4 136	600
Overført til investeringsregnskapet	3 532	4 900	500
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	1 707	1 926	5 175
Avsatt til bundne fond	173	644	-
	-	-	-
Sum avsetninger	5 412	7 470	5 675
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	4 086	-	-

Økonomisk oversikt investering 2014

Kommunestyret 181213

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Inntekter			
Salg av driftsmidler og fast eiendom		3 000	-
Andre salgsinntekter		-	-
Overføringer med krav til motytelse	42	-	3 916
Statlige overføringer		1 156	-
Andre overføringer		-	-
Renteinntekter og utbytte		-	-
Sum inntekter	42	4 156	3 916
Utgifter			
Lønnsutgifter	20	-	-
Sosiale utgifter		-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	11 812	16 845	29 066
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon		-	-
Overføringer	1 769	-	-
Renteutgifter og omkostninger		-	-
Fordeelte utgifter		-	-
Sum utgifter	13 601	16 845	29 066
Finansstransaksjoner			
Avdrag på lån	856	-	-
Utlån	10 138	2 587	-
Kjøp av aksjer og andeler	40	-	-
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-
Avsatt til bundne investeringsfond	257	-	-
Avsatt til likviditetsreserve	-	-	-
Sum finansieringstransaksjoner	11 291	2 587	-
Finansieringsbehov	24 892	15 276	25 150
Dekket slik:			
Bruk av lån	2 061	3 900	7 500
Salg av aksjer og andeler	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	1 088	-	-
Overført fra driftsbudsjettet	3 532	4 050	500
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	12 625	3 982	4 150
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	5 543	3 344	13 000
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-
Sum finansiering	24 849	15 276	25 150
Udekket/udisponert	-	-	-

BUDSJETTOVERSYN DRIFTSDEL 2014-2017

Seksjon	2014	2015	2 016	2 017
Sentraladm	17 744	17 674	17 674	17 674
Kultur	5 698	5 698	5 698	5 698
Helse- og sosial	28 713	28 713	28 713	28 713
Barnehage	10 608	10 608	10 608	10 608
Skule	24 696	24 696	24 696	24 696
PLO	25 921	26 121	25 921	25 921
Teknisk	21 607	21 542	21 542	21 542
Sum nettorammer	134 987	135 052	134 852	134 852
Skatt	45 414	45 414	45 414	45 414
Eigedomsskatt	44 388	44 388	44 388	44 388
Konsesjon	9 378	9 378	9 378	9 378
Rammetilskot	42 475	42 475	42 475	42 475
Driftsinntekter	29 328	29 328	29 328	29 328
Sum driftsinntekter	170 983	170 983	170 983	170 983
Sum driftsutgifter	(167 810)	(168 085)	-167 675	-167 675
Brutto driftsresultat	3 173	2 898	3 308	3 308
Renteutgifter oa finansutg	(3 201)	(3 742)	-3 958	-4 189
	(35)	(35)	-35	-35
Renteinntekter	5 865	5 865	5 865	5 865
Motatte avdrag på utlån	56	56	56	56
